

7. trinn Salhus skule veke 25

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
8.30	Sommaravslutning Øving	Sommaravslutning Øving	Sommaravslutning Øving	Sommaravslutning Øving	Sommarferie
9.45		Fyfo Sommaravslutning Øving	Engelsk Arbeid med tidlegare gitte nasjonale prøver for 8.trinn		
10.40	Mat med midttime				
11.30	Mjølkeråen Klokka 11.15 går vi opp til Mjølkeråen ungdomsskule, kor du får møte den nye klassen din og den nye kontaktlæraren. Etter besøket, går vi med dei elevane som skal gå attende til Salhus. Dei som vil ta buss, gjer det.	Engelsk Arbeid med tidlegare gitte nasjonale prøver for 8.trinn Sommaravslutning Øving	Kroppsøving  Sommaravslutning Øving	Fellessamling 1. trinn Film frå 6. trinn Generalprøve sommaravslutning	
Slutt:	13.45	13.15	13.45	13.45	

Til 7. trinn og føresette

No går de inn i den aller siste veka som elevar ved Salhus skule. Det er rart å tenkje på at tida her snart er over – eit kapittel blir avslutta, og eit nytt kapittel skal starte på ein ny skule.

Den siste skuleveka før ferien, skal vi bruke tida på å førebu sommaravslutninga, som blir i gymsalen torsdag 19. juni kl. 16.30. Då inviterer vi føresette til ei fin stund der elevane skal vise programmet dei har øvd inn – og vi gler oss til å dele dette med dykk! Øvinga i veke 24 gjekk ikkje heilt etter planen. Øyvind har vore sjuk heile veka, og Stian oppteken med eksamen. Vi satsar likevel på å få eit godt program å vise dykk. Vi må bruke tida dei siste dagane svært godt. Etter programmet har trinnkontakten(e) organisert avslutningsfest for elevane & øresette.

Fredag har 7. trinn fri (avspasering) – då startar sommarferien for alvor!

Vi ønskjer dykk alle ein riktig god sommar og lukke til med det som ventar på ungdomsskulen!

Hint, hint: Det er alltid veldig kjekt når tidlegare elevar stikk innom og helsar på – vi håpar vi ser dykk igjen!

Litt heimearbeid er det også siste veka:

- Øve på replikkar/songar og det du har bruk for til rolla du er med i på sommaravslutninga.
- Ta med alle bøker, både lærebøker og bøker frå biblioteket slik at du kan levere dei inn.
- Gymkle til onsdag

Øyvind & Stian

Henta frå BA 12. juni 2025:

Den aller største tabben til byrådet var å foreslå å legga ned Salhus skule.

Alle som veit litt om samfunnet i Salhus, veit at i denne bygda finn du ein sjeldan sterk lokalidentitet, og at heile bygda, og alle som sympatiserer med denne bygda, ville tenna på alle sylinderar.

